

# Tidleg innsats som suksessfaktor for språklæring og språkundervisning

Av

Laila Sakshaug

Dr. art., førsteamanuensis i norsk, HiNT

*Språkåret 2013*

Det er språkår i år! Over heile landet blir dette markert med ulike arrangement som har til formål å spreie kunnskap om språk, språkbruk og språkbrukarar. Slik ønskjer ein å setje fokus på språklege skilnader og språkleg mangfold. I den samanhengen er det interessant å sjå nærmare på språklæring og språkundervisning i norsk skole og i samfunnet elles.

## *Menneskets unike utrusting og behov for språk*

Mennesket har ei artsbestemt, mental utrusting til å lære språk, og barn lærer mykje språk dei første to-tre leveåra. I denne perioden lærer barn å uttale dei fleste språklydane, dei får intuitivt på plass hovudreglane for bøyning av ord og grunnleggjande reglar for setningsbygnad. Dei byrjar også å utvikle eit ordforråd. Nokre kompliserte lydar og lydkombinasjonar står att, likeins unntaksreglar for bøyning av ord og setningsbygnad, men den språklege grunnmuren kjem altså på plass dei første åra. Barn har under normale forhold relativt lett for å lære språk, samanlikna med vaksne. Dette bør vi utnytte i all språkundervisning og språklæring: i heimen, i barnehagen, på skolen, som tidleg innsats for livslang læring.

Språklege ferdigheiter er svært viktige for all læring, for sosiale relasjoner, for å delta i kunnskapssamfunnet og demokratiet. Eit barn som slit med å lese og skrive norsk, vil også slite med å lese og skrive på alle fagfelt. Eit barn med mangefullt utvikla munnleg språk, kan også slite sosialt. Motsett vil eit barn som meistrar språket godt, ha gode moglegheiter for å delta på alle felt i samfunnet. Språk er makt – og avmakt.

## *Barnehagen og språk*

I barnehagen inngår barnet i eit mangfold av språk. Samtidig kjem stadig yngre barn inn i barnehagen. For eit barn som frå eittårsalderen møter norsk i alle variantar, nynorsk, bokmål

og dialektar, og som også går i barnehage med minoritetsspråklege barn, blir dette mangfaldet verken mystisk eller rart. Er det ikkje mystisk og rart, blir det heller ikkje skummelt.

Forvalta på ein klok måte av språkleg rause og gode barnehagelærarar, blir det språklege mangfaldet ein ressurs både for barnet, barnehagen og storsamfunnet. Ved aktivt å stimulere det språklege mangfaldet i barnehagen, legg ein grunnlaget for at barna utviklar språket sitt, og for at dei veks opp med toleranse for andre sine språk. Når barnehagelæraren les gode bøker for barna, og gjer det like godt på nynorsk som på bokmål og på dialekt, er han/ho med og legg grunnlaget for god språkleg læring og danning. Dette kjem også til uttrykk gjennom Utdanningsdirektoratet sine planar for og krav til språkleg stimulering i barnehagen.

#### *Skoleverket, lærarar og språkkompetanse*

I dagens skole er også det språklege mangfaldet stort. Ifølgje gjeldande læreplan for norsk er det eit kompetansemål for elevar etter 2. klasse at dei skal kunne lytte til tekstar på bokmål og nynorsk og samtale om dei. Etter 4. klasse skal eleven kunne lese tekstar av ulike typar på bokmål og nynorsk med samanheng og forståing. Etter 7. klasse skal eleven kunne samanlikne språk og språkbruk i tekstar på bokmål og nynorsk.

Med slike læringsmål for elevane, er det ikkje lite ein forventar av barnehage- og grunnskolelærarar. Det er mykje dei må kunne for å kunne rettleie barn og elevar til å meistre dette mangfaldet. Skal dei vere rusta til denne oppgåva, må dei sjølve meistre mangfaldet. Ein lærar må sjølv ha gode grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving for å kunne bidra til dei same grunnleggjande ferdighetene hos elevane sine. Ein blir ingen god norsklærar utan å vere ein god pedagog, men ein blir heller ingen god norsklærar om ein ikkje kan norsk.

Blant anna derfor må norske barnehage- og grunnskolelærarstudentar få god og seriøs opplæring i begge målformer, ikkje som hovudmål og sidemål, men som reelt likestilte variantar av norsk skriftspråk. Derfor må ein ha karakterar i begge målformer i vidaregåande skole, og studentar på høgskolane må dokumentere at dei meistrar begge målformer.

I tillegg til at mange klasserom landet over har elevar som skriv både nynorsk og bokmål, er det minoritetsspråklege elevar i dei fleste norske klasserom. I Osloskolen er om lag 40 % av elevane minoritetsspråklege. I andre kommunar er det snakk om eit lågare prosenttal, men norsklærarar får før eller seinare klassar med ein eller fleire minoritetsspråklege elevar.

Dette stiller høge kompetansekrav til norsklæraren. Han/ho kan rett nok ikkje lære alle minoritetsspråka, men bør ha grunnleggjande grammatiske ferdigheiter til å analysere dei. Det er nødvendig for å forstå korleis for eksempel ein minoritetsspråkleg elev med tyrkisk språk- og kulturbakgrunn og ein med vietnamesisk treng ulik, tilpassa undervisning i norsk.

I denne samanhengen er det heller ingen grunn til å redusere opplæringa i framandspråk. Folk reiser meir, også som barn. Med evnene barn har til å lære språk, er det ingen grunn til å vente. Det er tvert imot grunn til ikkje å vente!

Uansett korleis skolen og språkopplæringa er organisert, vil det alltid vere barn, elevar og studentar med ulike grunnar til særskilte behov for tilrettelegging. Dei skal ha god tilrettelegging, basert på ambisjonar tilpassa individets språklege kapasitet.

Alle som arbeider med barn, veit at det er viktig for barnet å bli sett. Det inkluderer blant anna å bli sett språkleg. Derfor må nyutdanna barnehage- og grunnskolelærar ha gode kunnskapar om og ferdigheiter i språk, språkleg kompetanse og språkleg toleranse: Dei må ha språkleg danning i eit vidt perspektiv. Dette oppnår ein best gjennom tidleg innsats, høge ambisjonar og krav til livslang læring, frå barnehagen til høgskolen og i samfunnet elles. I høve Språkåret 2013 er det all grunn til å slå eit slag for dette!